

Avtale om sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet - utøving av opsjon på forlenging

Partar: Nye Sogndal kommune og PwC AS.

Det vert vist til gjeldande likelydande avtalar mellom eksisterande Sogndal kommune og PwC AS, Leikanger kommune og PwC AS og Balestrand kommune og PwC AS om sekretariatsfunksjonen for kontrollutvalet i den respektive kommune. Sjå vedlegg 1. Avtalen er tidlegare godkjent av alle kommunane for perioden 01.06.17 til 01.06.19. Alle kommunane har og utøvd ein opsjon på å forlenge avtalen ut året 2019. I konkurransegrunnlaget for eksisterande avtale sto det fylgjande i pkt 1.1:

Dersom nokon av kommunane i løpet av avtaleperioden skulle slå seg sarnan, vil overskytande avtalar innan rirneleg tid opphøre, slik at den nye kommunen berre har ein avtale å halde seg til.

I avtalen ligg det såleis og ein opsjon for den nye kommunen til å forlenge på same vilkår til 01.06.21.

Nye Sogndal kommune og PwC AS er med dette samde om at Nye Sogndal kommune utøver opsjonen slik at PwC AS leverer sekretariatstenester til kontrollutvalet i Nye Sogndal kommune for perioden 01.01.20 til 01.06.21. Det vert vist til eksisterande avtale, med grunnlag, for arbeidsomfang og vilkår. Det vert føresett at kontrollutvalet i nye Sogndal kommune vil ha fem ordinære møter i året – det vil seie same møtefrekvens som det har vore i dei tre respektive kommunane fram til no.

Sogndal 5.9.19



Prosjektrådmann
Nye Sogndal kommune



Jan Flølo
Partner
PricewaterhouseCoopers AS

Vedlegg 1: eksisterande avtale